

# Stor utvandring frå Jostedalen til Nord-Amerika

Tekst: Oddmund L. Hoel

Amerikabesøka om sommaren er eit fast innslag i Jostedalen, og denne sommaren var ikkje noko unntak. Utvandringa til Nord-Amerika var svært høg frå heile Indre Sogn, inkludert Jostedalen, og dei aller fleste jostedøler har i dag slekt i USA eller Canada.

Utvandrarane og etterkomarane deira vart grundig kartlagde av Lars Øyane då han skreiv i gards- og ættesoga for Jostedalen (1994). Her skal me seie noko om det samla omfanget og grunnane til utvandringa, og me skal sjå på nokre døme på utvandrarar. Det kan høve godt sidan det no er 150 år sidan den største utvandringsbylgja frå Jostedalen.


Den fyrste kjende utvandrarar frå Jostedalen var den 27-årige gardbrukarsonen Lars Rasmussen Hellegaard som fekk flytteattest frå soknepresten 16. februar 1851. Det fyrste store utvandringsåret var 1857 då presten skreiv ut flytteattest til 30 personar på eitt år. Det store gjennombrøtet i Jostedalen, som for mange andre stader, kom etter den amerikanske borgarkrigen som vara frå 1861 til 1865 og mellombels førte til ein kraftig nedgang i utvandringa frå Europa. I femåret 1866–1870 er det registrert heile 154 utvandrarar frå Jostedalen, av dei heile 52 i 1866, som er året med størst utvandring. Utvandringa førte til at folketalet i Jostedalen gjekk ned frå 1865 til 1875 etter ein sterk vekst gjennom heile 1800-talet.

Frå 1866 finst det offentleg utvandringsstatistikk på kommunenivå, som for kvar femårsperiode vart oppsummert i publikasjonane Folkemængdens bevægelse frå statistisk sentralbyrå. For å finne talet på utvandrarar før 1866,

må me rekne saman tal i andre kjelder. Presten skulle føre inn «Udflyttede» og «Indflyttede» i kyrkjeboka med namn, stilling og kvar dei flytte frå/til. Legg me saman tala, kjem me til at 806 personar utvandra frå Jostedalen til Amerika mellom 1851 og 1930. Det er eit høgt tal, og sjølv om ein del folk kom att til bygda, var netto-utvandringa frå Jostedalen svært stor. Til samanlikning budde det 885 personar i Jostedalen i 1865 og 938 personar i 1900. Utvandringa var vel så stor frå nokre andre kommunar i Indre Sogn, som var mellom områda i landet med høg utvandring. Men her er det Jostedalen me konsentrerer oss om.

Dei som drog i den fyrste fasen vart gjerne verande. Ni av dei 30 som utvandra i 1857 var Christen Tøgersen Fossen (1813–ca. 1875), kona Christi Olsdotter (1816–1898) frå Sandviki i Luster og dei sju

borna deira mellom 16 år og fire månader. Christen hadde odell på Fossen der han voks opp, og dei dreiv garden frå kring 1840 til dei måtte gje opp og selje garden i 1852 av grunnar eg ikkje kjenner. Dei hadde då fem born mellom 11 og 3 år, og dei trong hjelp av fattigkassa for å halde seg i live. I 1857 dukkar dei opp i møteboka til kommunestyret i Jostedalen. Fattigkommisjonen gjekk inn for å gje Christen og familien eit tilskot på 25 spesidalar slik at dei kunne få råd til amerikabillettar, og kommunestyret slutta seg samrøystes til løyvinga. Grunngevinga tyder på meir medynk for kommuneøkonomien enn den fattige familien: «Christen T. Fossen bliver at Hjælpe af Jostedals Fattigcasse med 25 – fem og tyve – Spdr for at han ved Hjælp af disse kan komme over til America i Vaar, og Fattigcassen saadan befries for den aarlige Udgift til denne





Mange sende bilete, kort og brev heim til Noreg. Her er familien til Kari og Lars L. Breum i Amerika (ca 1910–1915). Eigar: Gunhild Bruheim Kristiansen.

fattige Familie». Kommunen rekna seg altså fram til at det var meir lønsamt å betale for å få eksportert fattigdomsproblemet framfor å ha familien buande i bygda. Vedtaket i kommunestyret var gjort 20. mars, Christen og Christi Fossen fekk flytteattest frå soknepresten 29. mars, og dei fekk emigrantpass i Bergen 5. mai, så det gjekk raskt å få sendt dei av garde. Dottera Siri, som berre var eit halvt år då dei drog, døydde under eller rett etter overfarten, som den gongen tok mange veker med seglskute. I Amerika fekk Christen og Christi to born til, og ingen av dei kom attende til Noreg. Truleg fekk dei eit betre liv i Amerika, der dei slo seg ned som farmarar i Dunn i Wisconsin, enn dei ville fått i Jostedalen. Dei fleste borna fann seg typisk nok ektefeller som også hadde utvandra frå Noreg.

Eit anna døme på at vona om eit betre liv og skrinne kår i Jostedalen fekk ein heil familie til å dra, finn me på Vamberg. Læraren, klokkaren og gardbrukaren Johannes Vamberg (1816–1857) var ein framstående mann i bygda, men døydde ung og etterlet seg den 33-årige enkja Gjertrud Espe (1824–1918) og fem born under 11 år i 1857. Året etter vart garden seld på auksjon, men

Gjertrud og borna vart buande på Vamberg. I 1866, året etter at borgarkrigen var over, utvandra så dei to eldste gutane, Halvor og Nils, 20 og 17 år gamle, til Vernon i Wisconsin. Nils døydde alt året etter. I 1868 vart Vamberg selt att, og den nye eigaren busette seg på garden. I 1869 drog Gjertrud etter til Amerika med dei tre yngste borna, som då var 18, 15 og 12 år. Der gifte Gjertrud seg med ein kar frå Hafslo, og dei tre yngste borna hennar fekk i alt 11 barneborn som alle vart verande i USA.

I den siste fasen (etter 1880-åra) drog i større grad unge ugifte menn og kvinner til Amerika for å arbeide nokre år og leggje seg opp pengar før dei kom att til Noreg og etablerte seg. For Noreg totalt har utvandringshistorikarane rekna med at kring 1/4 av utvandrarane i denne fasen kom attende. Me har ikkje tal for Jostedalen, men det budde mange i Jostedalen utover 1900-talet som hadde vore i Amerika ei tid.

Eit godt døme på denne typen utvandrarar i Jostedalen er syskenflokkjen frå Haugen. Halvor Haugen (1866–1958) og kona Anna frå Yttri (1862–1953) fekk i alt ti born. Dei fire eldste, Anna, Sjur, Kari og Nils, drog til Amerika i

åra 1907–1915, då dei var mellom 19 og 23 år gamle, og Anna, Sjur og Kari vart verande. Dette var i den siste store utvandringsfasen. Etter fyrste verdskrigen innførte USA restriksjonar på innvandringa. Tre av dei yngre syskena (Dorthea, Melchior og Anders) drog etter til Amerika i åra 1926–1929. Dei var mellom 24 og 31 år då dei drog og altså noko eldre enn syskena då dei drog. Slutten av 1920-åra var ei hard økonomisk krisetid i Noreg og Jostedalen, og no fekk utvandringa eit siste oppsving. Anders fortalde til JSA i 1979 om grunna til at han drog: «Det var ikkje arbeid å få. Ikkje eventyrlyst, men dei var så mange sysken at nokon måtte dra ut. Han, for sin del, tykte det ikkje var så tungt å dra frå Noreg». Når han ikkje tykte det var så tungt, var det nok mellom anna fordi han hadde mange sysken som drog over, og fordi Hans Hellegård, Melchior Hellebø, John Grov og Melchior Myrehaug drog på same tida.

Nils Haugen, som hadde fare i 1914, kom att i 1938 og tok over Haugen etter foreldra, men vart verande på Haugen berre i ti år, før han i 1948 gifte seg og utvandra til Amerika for andre gong. Derimot kom syskena Anders, Dorthea og Melchior attende til Noreg og Haugen i 1953, 1968 og 1974. Det uvanlege med dei var ikkje at dei kom attende til Noreg, men at det tok så mange år før dei kom att. Av ti sysken var det altså berre tre som ikkje utvandra – Hallvard og Søvrina som vart buande på Haugen, og Ola som vart gardbrukar på Bøen.

Brevskrivninga og flyttinga fram og tilbake gjorde Haugen til reine senteret for amerikansk kulturimport, noko som også er eit typisk og viktig trekk ved utvandringa: Dei som vart verande i Amerika, heldt kontakten med familien i Noreg, og dei som kom att, tok med seg kunnskap, inntrykk og impulsar

heim att. Haugen-syskena hadde litt av kvart å fortelje. To unge utsende JSA-medarbeidarar, Brita Kreken og Tone Kjærvik, vitja i 1979 syskena på Haugen, som kunne rapportere at dei «I løpet av alle åra i Amerika, fekk kjennskap til både vill-hestar og indianarar. Indianarane budde bere 3-4 kilometer unna.»

Kvifor drog så mange jostedøler til Amerika? Me har peika på tunge økonomiske grunnar til at dei ville vekk frå bygda. Sterk folkeauke gjennom 1800-talet gjorde at den skrinne jordbruksbygda ikkje hadde levebrød nok til alle. Det var gjerne berre ein av syskena i ein flokk, oftast eldste son, som kunne overta ein gard. Jakta på eit levebrød gjorde at mange etter kvart fann vegen heimom Haukåsgjølet. Men førestillingar om det gode livet i Amerika kunne òg spele inn. Det var ikkje sjølvstakt at så mange jostedøler skulle dra nettopp til Amerika – det fanst andre og nærare stader å slå seg ned om ein skulle flytte, til dømes ein norsk by. I mange Sunnfjord-kommunar flytte ein heller til Bergen enn Amerika. Fjaler er døme på ein kommune med lite utvandring til

Amerika og stor flytting til Bergen. Folketeljinga for 1910 fortel oss at det då budde kring 1000 personar i Bergen som var fødte i Fjaler medan det i åra 1876–1920 hadde utvandra drygt 600 personar frå Fjaler til Amerika. I heile perioden 1851–1930 hadde det altså utvandra 800 personar frå Jostedalen, men i folketeljinga for 1910 finn me berre 10 (!) personar fødte i Jostedalen som var busette i Bergen. Når ein jostedøl på flyttefot drog til Bergen, var det altså for å kome seg på amerikabåten så raskt som råd.

Dette er ikkje mystisk i det heile. Folk som flytter langt, dreg gjerne til stader der dei har familie og vener frå før, slik Haugen-syskena gjorde. Der heldt dei òg i hop, og dei gifte seg helst med andre sogningar. Maria Ormbergstøl var berre eit halvt år då ho og foreldra drog til Amerika i 1898 og budde der til ho kom att til Noreg som 23-åring. Ho gjekk på engelsk skule, men hadde norsk skule ein månad i året med ei lærarinne frå Joranger.

Gjennom nokre tiår førte utvandringa frå Jostedalen til Amerika at mange fekk kunnskap om landet

«over there» og visste mykje om kva dei gjekk til når dei tok den lange turen, og dei visste at dei kom til kjensfolk. Slike «dra-faktorar» er svært viktige når ein studerer kvifor folk flytter på seg og kvar dei flytter, og det er det same me ser i dag med innvandringa til Noreg. I dag er me eit innvandringsland, men gjennom ein 100-årsperiode var Noreg nest etter Irland det landet i Europa som stod for den største innvandringa til Nord-Amerika i høve til folketalet.

#### Kjelder:

- Øyane, Lars E. (1994). Jostedal sokn. Gards- og ættesoge for Luster kommune. (Bd. 5). Gaupne: Luster kommune.
- Østrem, Nils Olav. (2006). Norsk utvandringshistorie. Oslo: Samlaget.
- Natvik, Oddvar. 1905 – glimt frå Amerika. Kulturhistorisk leksikon (internett), Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.
- Kyrkjebøker for Jostedalen, digitalarkivet.no.
- Folkemængdens bevægelse, Norges officielle statistik, Statistisk sentralbyrå (femårsperiodar 1866–1930). (ssb.no)
- Folketeljinga 1910 (database): The Digital Archive (The National Archive), Norwegian Historical Data Centre (University of Tromsø) and the Minnesota Population Center. National Sample of the 1910 Census of Norway, Version 1.0. Tromsø, Norway: University of Tromsø, 2011. North Atlantic Population Project.

7	Mar 29 <sup>de</sup>	Christen Fossen	43 <sup>1/2</sup>	til Amerika med Bleift af 29 <sup>de</sup> Mars 1857.
		Jøsef Fossen	11 <sup>1/2</sup>	
		Christi Fossen	40 <sup>1/2</sup>	
		Maria Fossen	11 <sup>1/2</sup>	
		1. Karthe . . . . .	16 <sup>1/2</sup>	
		2. Anne . . . . .	14	
		3. Oleine . . . . .	12	
		4. Tøger . . . . .	11	
		5. Christine . . . . .	8	
		6. Anne . . . . .	3	
		7. Sigrid . . . . .	13 <sup>1/2</sup>	

Innførselen i kyrkjeboka som fortel at Christen og Christi Fossen med sju born fekk flytteattest til Amerika frå soknepresten 29. mars 1857.